

Årsmelding for Nordmøre spelmannslag 2016

Styret har i arbeidsåret vore samansett slik:

Leiar Daniel Dyrnes (2 år i styret)

Nestleiar Silje Osnes (på val)

Kasserar Rolf Holte (for 2 år)

Sekretær Arnstein Brevik (på val)

Styremedl. Helga Eikrem (for 2 år)

Lars Brattset og Helge Husby har vore vara.

Musikalsk leiar har vore Hilde Bergfald

Laget har pr dato 28 medlemmar, der 14 – 15 er aktive spelarar. Antalet er det same som i fjor.

Laget har halde 4 styremøte, samt hatt tett samarbeid i høve kappleiken.

Aktivitetar: i løpet av det siste arbeidsåret har laget hatt eitt stort oppdrag, nemleg Fylkeskappleiken for Møre og Romsdal som vi arrangerte i Surnadal. Ein god del arbeid vart lagt ned, vi hadde ein lengre dialog med Vårsøg Hotell, vi arbeidde mot sponsorar, vi bekjentgjorde kappleiken gjennom ulike kanalar, utarbeidde kulturkveld, vi bestemte (til slutt) premiering og ikkje minst hanka inn dommarar. I tillegg til alle dei praktiske gjermåla gjennom sjølve arrangementet. Kappleiken fungerte fint, og vi fekk gode tilbakemeldingar. Vi spelte bra under lagspelet, og, ein andreplasse var langt over det vi klarte sist vi arrangerte kappleik. Laget spelte denne gongen Ane-reinlender e. Ane Ørsal og Polsdans frå Frei. Dessverre var det også denne gongen litt tynt med deltaking utanom lagspelet, men vi hadde gode utøvarar i «toppane» vår (les Gro Kjelleberg Solli og Unni Boksasp), som ikkje bur i området til dagleg.

Vidare deltok vi på jubileumsmarkeringa til Aure kommune, der vi og for ein gongs skuld fekk bra betalt. Avslutninga av vårsemesteret var på Kråksundet, der vi heldt konsert og åt (litt salt) baccalao. Dermed var det sommarferie.

Etter denne var det liten aktivitet i hausthalvåret. Det vart øvd, og vurdert konsert på Smøla. Denne vart etter kvart utsett, men 22. januar i år var det duka for konsert i Edøy gamle kyrkje, i samarbeid med kulturskulen på Smøla. No vart deltakinga av elevar heller tynt, men ei jente frå Aure og ei frå Smøla var med, i tillegg til kulturskulelærar Ann Helen Stamsve. Litt endringar i mannskap har det vore. Ragnhild Bremnes og Jon Grimsmo har vore tilveskten i år, medan Helga Eikrem og Elisabeth Husby har pause. Vi håpar dei kjem att, forgubbinga kan etter kvart bli merkbar.

Økonomien er jamt bra, vi har vel gått med eit lite underskot i år. Fylkeskappleiken hamna vel i null, og betalte oppdrag står ikkje akkurat i kø. Kanskje er vi for lite offensive sjølve også. Medrekna øvingar og konsertar har det siste arbeidsåret vore 19 «trefningar», av desse 3 opptredenar.